

Møteinnkalling

Utval:	Ungdommens fylkesutval
Møtestad:	Fylkeshuset, Fylkesutvalssalen
Dato:	05.02.2014
Tid:	16:00 – 20:00

Dagsorden:

kl. 16.00-20.00: Sakshandsaming

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast råd til telefon 99 51 83 33 eller epost til: ingeborg.borgen.takle@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer og varamedlemer i Ungdommens fylkesutval.

Ungdommens fylkesutval i Hordaland

Agnes Hoshovde Bernes
leiar

Kopi til:

Fylkesordføraren
Fylkesvaraordføraren
Fylkesrådmannen
Forvaltningsbiblioteket

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 8/14	Godkjenning av innkalling		
PS 9/14	Godkjenning av sakliste		
PS 10/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 11/14	Ymse		
PS 12/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 2/14	Reklamefinansiert kollektivtransport - sak til uttale	2014/1328	
PS 13/14	Konstituering av nytt Ungdommens fylkesutval 2014	2014/560	
PS 14/14	Møteplan 2014 for Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 15/14	Førebuing dialogdag 18.02.2014	2014/560	

PS 1/14 Godkjenning av innkalling

PS 2/14 Godkjenning av sakliste

PS 3/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

PS 4/14 Ymse

PS 5/14 Referatsaker (Meldingar)



Jfr. adresseliste

Dato: 16.01.2014
Vår ref.: 2014/1328-1
Dykkar ref.:

Reklamefinansiert kollektivtransport - sak til uttale

Fylkestinget handsama i møte den 11.12.2013 sak om Reklamefinansiert kollektivtransport (sak 68/13). Dokument i saka finn ein ved å gå inn på <http://polsak.ivest.no/>, vel deretter «Fylkestinget» og møte den 10.12.2013. Fylkestinget gjorde slikt vedtak i saka:

VEDTAK (11.12.2013)

1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sende over saka om reklamefinansiert kollektivtransport til berørte kommunar og berørte organisasjonar samt Statens vegvesen for uttale om innføring av reklamefinansierte leskur langs kommunale, fylkeskommunale og statlege vegar, samt på dei største terminalane i Bergensområdet.

2. Under føresetnad om tilslutnad i Bergen kommune og Statens vegvesen får fylkesrådmannen fullmakt til å starte planarbeid for plassering av reklame på leskur og byromsmøblar, og deretter setje i verk anbodskonkurranse med formål å inngå kontrakt med reklameoperatør for investering i møblar og drift/vedlikehald av desse. Aktuelle reklameflater er:

- a. Reklamefinansierte leskur langs vegar i Bergen kommune og omegn.
- b. Opsjon reklameplassering på Bybanens haldeplassar på bakvegg i leskur eller frittstående modular. Yting frå reklameoperatøren er vedlikehald av haldeplassane.

3. Under føresetnad om tilslutnad i Bergen kommune får fylkesrådmannen fullmakt til å forhandle fram avtale med reklameoperatør for reklame på rullande kollektivmateriell og kollektivterminalar for fylgjande flater i utandørsmarknaden med organisasjonsform outsourcing:

- a. Buss innvendig
 - o Takbogar
 - o Digitale skjermar der dette er lønsamt i kombinasjon med nyheiter og kommunikasjon frå Skyss, vekeplakatar elles
 - b. Bybanen innvendig
 - o Digitale skjermar i kombinasjon med nyheiter og kommunikasjon frå Skyss
 - c. Hurtigbåt innvendig
 - o Vekeplakatar (på vegg) og digitale skjermar
 - d. Buss utvendig
 - o Lite bakfelt
 - e. Terminalar som i dag ikkje er ein del av vegvedlikehaldet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle med Bergen kommune om fordeling av ytingar frå

reklameavtalen til byromsmøblar.

5. Fylkesutvalet får tilbake sak, inkludert forslag til retningslinjer, når resultatet av forhandlingane ligg føre.

6. I samband med forslag til retningslinjer må ledig annonseplass vurderast å setjast av til kulturformål.

7. Retningslinjene må og presisera kva område som skal vere reklamefrie. I budsjettvedtaket for 2012 var det presisert at dei historiske delane av Bergen sentrum skal haldast fri for reklame på busstopp og terminalar. Dette inneber at bysyklar kan inkluderast óg i dei historiske delane.

8. Fylkestinget presiserer at ordninga med reklamefinansiert kollektivtransport også kan omfatte resten av Hordaland fylke der marknaden er til stades.

Fylkeskommunen har sett uttalefristen til 14. februar 2014.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Lise Ådlandsvik
Rådgevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Adresseliste:

Alle kommunane i Hordaland

FFO Hordaland

Fylkeseldrerådet, HFK

Fylkesmannen i Hordaland

Hardangerrådet

Hordaland politidistrikt

Regionrådet Nordhordland IKS

Regionrådet Vest c/o Sund kommune

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, HFK

Samarbeidsrådet i Sunnhordland

Statens vegvesen Vegdirektoratet

Statens vegvesen Region vest

Trygg Trafikk Hordaland

Ungdommens fylkesting, HFK

Arkivnr: 2014/560-4
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	6/14	05.02.2014

Møteplan 2014 for Ungdommens fylkesutval

Vedlagt følgjer utkast til møteplan 2014 for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Fylkeseldrerådet og Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval. Sjå vedlegg. Det er basert på møteplana som er vedteke for fylkestinget, fylkesutvalet, kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet, samferdselsutvalet og administrasjonsutvalet.

Premissar for forslaget:

Vinterferie for dei fleste skulane i veke 9

Påske 14. – 21. april

Kr. himmelfartsdag 29. mai

Pinse 8. – 9. juni

Hautferie ukjent tidspunkt men truleg veke 41

Kommunedagane 1. – 2. april

I utkastet til møteplan har ein prøvd å leggja opp til at Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne som hovudregel får onsdag som fast møtedag, Ungdommens fylkesutval har onsdag og Fylkeseldrerådet torsdag som før. AU-møte i dei ulike organa følgjer same struktur.

For Fylkeseldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er det lagt opp til tre møte i vårhalvåret og tre i hausthalvåret, og med same tal for AU-møta . Ungdommens Fylkesutval har syv møte i vårhalvåret og 8 i hausthalvåret.

Når møteplanen skal leggjast, er saksgangen utval – fylkesutval – fylkesting eit viktig utgangspunkt, med slik at fråsegn frå medverknadsorgan i ei særskild sak skal kunne sendast rett instans før det skal gjerast vedtak.

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek møteplan for rådet.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.01.2014

Her startar saksutgreiinga

	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Fylkestinget			11.-12.			11.-12.				14.-15.		9.-10.
Fylkesutvalet	30.	19.-20.	27.	23.-24.	20.	19.		28.	24.-25.	30.	19.-20.	4.
Kultur- og Ressursutvalet	21.	11.	18.	8.-9.	13.	3.		19.	16.	21.	11.-12.	2.
Opplæring- og Helseutvalet	21.	11.-12.	18.	8.	13.	3.		19.	16.-17.	21.	11.	
Samferdselsutvalet	22.	12.	19.	9.	13.-14.	4.		20.	16.-17.	22.	12.	
Fylkeseldrerådet		6.		10.		18.			18.	16.		3.
AU	16.		20.		15.			21.	25.		19.	
Konferanse										7.-8.		
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		12.	26.			11.			10.	29.		9.
AU	15.		12.		22.			27.		14.	27.	
Konferanse				2.								
Ungdommens Fylkesutval	24.	5. + 18.	12.-12.	9.	7.	11.		27.	17.	15. + 30.	5.	10.
Ungdommens Fylkesting	25.-26.									25.-26.		
Administrasjonsutvalet			26.			18				29.		3.
Klagenemnda												
Kontrollutvalet												
Valnemnda												
Fylkesvalstyret												

*Rød tekst: På dagtid.

- Februar: Dialogdag

- Mars: Presentasjon fylkestinget

- Oktober: Budsjettmøte + oppdatering fylkesutvalet

Arkivnr: 2014/560-6
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	7/14	05.02.2014

Førebuing dialogdag 18.02.2014

Dialogdag er ein introduksjonsdag for Ungdommens fylkesutval til Hordaland fylkeskommune. Målet er at UFU skal få ein forståing av korleis prosessane fungerer og korleis dei på best mogleg måte kan påverke politikken, samt få kontakt med nøkkelpersonar i administrasjonen og blant politikarane.

For å kunne jobbe best mogleg med Ungdommens planprogram bør UFU vere delt inn i tilsvarande ansvarsområdar. På Dialogdagen vil derfor ikkje alle i UFU møte alle politikarane og tilsette, men ein vil møte dei som er ansvarleg for det området ein skal jobbe med. Derfor vil det vere aktuelt at ein på møtet førebur seg til korleis ein skal leggje fram den delen av Ungdommens planprogram som er aktuell og kva ein skal spørje politikarar og tilsette om

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval delar seg slik:

- Opplæring- og helse:
- Kultur- og ressurs:
- Samferdsel:
- Eigen organisasjon:

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/560-2
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	8/14	05.02.2014

Konstituering av nytt Ungdommens fylkesutval 2014

Eit nytt Ungdommens fylkesutval vart vald på Ungdommens fylkesting den 26.01.2014. Det nye UFU må derfor konstituere seg og få overlevert ansvaret frå det gamle UFU. Det er og ein sjanse for det gamle UFU å kome med aktuell informasjon og såleis overføre kunnskapen, men det er og ein sjanse for det nye UFU å spørje om det som verkar uklart.

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vert konstituert på følgjande måte:

- Leiar:
- Nestleiar:
- Medlemar:
- Varamedlemar:

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.